



Geir Allan Fylkesnes  
Bakken 22 B  
5955 LINDÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/3163 - 19/34461

Saksbehandlar:  
Irene Wilhelmsen  
Irene.Wilhelmsen@lindas.kommune.no

Dato:  
22.11.2019

## Tillatelse til avkjørsel fra kommunal veg - gbnr 107/16 Kolås

**Tiltak:** avkjørsle  
**Byggjestad:** Gbnr: 107/16 Kolås  
**Tiltakshavar:** Geir Allan Fylkesnes  
**Ansvarleg søker:** Byggmester Romarheim AS

Delegasjonssak nr.: 675/19

Saka gjeldt søknad om ny avkjørsel til kommunal veg for oppføring av ny bustad datert 20.11.2019.

### **Saksutgreiing:**

#### Informasjon om saka:

I samband med planlagt oppføring av einebustad med garasje på gbnr 107/16, er det søkt om avkjøringsløyve til kommunal veg, kv1021 hp2.  
Tomta er regulert, felt Kolås III i Lindås kommune. Avkjørsla er ikkje regulert inn med pil i reguleringskartet og skal difor handterast etter veglova.

#### Vurdering/drøfting:

Den omsøkte avkjørsla ligg på eit rett strekk med sikt i begge retningar som vist på situasjonskart. Frisiktsone er teikna inn som 3,5mx30m som er innafor det kommunen godkjenner i fartsgrensesone 30km/t.

Det er i dag etablert veglys på strekninga det avkjørsla skal etablerast. Stolpen er ikkje teikna inn på situasjonsplan med siktzone. Dersom denne stolpen kjem i konflikt med planlagt avkjørsle, må tiltakshavar avklare ei eventuell flytting med kommunen og tiltakshavar må ta kostnaden med flyttinga.

#### Samandrag/konklusjon:

I samsvar med innsendt dokumentasjon kan det gis løyve til avkjøring til kommunal veg for gbnr 107/16.



**Vedtak:**

Lindås kommune gjev løyve til avkøyring til kommunal veg, KV1021 hp2, med heimel i veglova §§ 40 til 43.

Løyvet er gjeve på følgjande vilkår:

- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstiller tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsle fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegenormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein skal kunne snu på eigen grunn.
- Siktsona kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegenivå. Siktsona skal til ein kvar tid haldast vedlike av eigar/brukarane av avkjørsla.
- Dersom det er behov for å flytte lyktestolpe, skal tiltakshavar avklare flytting og plassering med vegavdelinga i Lindås (Alver etter 01.01.2020) kommune og tiltakshavar må ta kostnaden med ei slik flytting.

Vegavdelinga vil i tillegg presisere at vedtaket berre gjeld løyve til avkøyring og ikkje etablering av tiltaket. Etablering av avkjørsla vil vere ein del av byggesøknaden.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvært. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement

**Bortfall av løyve**

Er arbeidet med avkjørsla ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. veglova § 40 4.ledd.

**Med helsing**

Rune Kilen  
avdelingsleiar

Irene Wilhelmsen  
ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Byggmester Romarheim AS

Geir Allan Fylkesnes

Marianne Fylkesnes

Bakken 22 B

Bakken 22 B

5955

5955

LINDÅS

LINDÅS